

# Vitskaplegheit og samfunnsrelevans for store ordboksverk

*Oddrun Grønvik*

Norsk Ordbok, a 12 volume scholarly dictionary of the Nynorsk written language and all Norwegian dialects, was completed in 2015 and launched in March 2016. The publishing history of Norsk Ordbok lasted for 66 years, with 4 volumes published in the first 52 years and 8 in the following 13, after the dictionary was redefined as a project and moved to a digital platform. With this publishing history as its basis, this article explores the development of scholarly lexicography in terms of scientific theory and technology underlying macrostructure, microstructure and the genre itself. Finally relevance, legitimacy and societal and scientific worth of scholarly lexicography are briefly summed up.

## 1. Innleiing

Onsdag 9. mars 2016 vart det feira i stor stil i Oslo at *Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet* (NO) var ferdigstilt frå a til å, i 12 band. Arbeidet tok 87 år frå materialinnsamlinga byrja og til siste band kom frå trykkeriet. NO-redaksjonen fullførte manuskriptet i 2015 og fekk siste band på prent i 2016.

NO er det einaste av det store vitskaplege ordboksverka i Europa som handsamar skrift og tale som likeverdige kjelder for ordtilfanget. Heilskapen er på opp mot 67 millionar teikn, som svarer til 225 romanar av vanleg storleik. Meir enn 300 000 ord har fått egne ordartiklar, om lag halvparten for første gong. Meir enn femti morsmålsleksikografar har vore med på ferda sidan 1930, mange mellom dei fagleg mest framståande norskfilologane i si tid (sjå kortbiografiar i Karlsen et al. 2016:170 ff.). I redigeringsperioden 1946-2016 er nynorsk blitt utvikla til å bli eit fullført skriftmål og ein konstituerande del av norsk skriftverd. For all framtidig norsk leksikografi bør NO vera eit uomgjengeleg referanseverk.

Det er heva over tvil at overgang til redigering til digital plattform har vore avgjerande for fullføringa av NO. I denne artikkelen vil eg gå inn på

kva denne overgangen inneber, både vitskapleg og praktisk. I samband med utforskinga av dette emnet vart det naudsynt å sjå på dei lange linjene i utviklinga av ordboksformatet som verktøy for beskriving av sambandet mellom ordtilfang og tydingsregister.

Eit tilknytt emne er spørsmålet om leksikografiens vitskaplege status. I samband med at leksikografi er lagt ned som disiplin ved Universitetet i Oslo, er det blitt hevda at empirisk leksikografi ikkje er eit forskingsfelt for lingvistikken (sjå nærare omtale av denne diskusjonen i Vikør 2016:122). Mot dette vil eg seia at leksikonet er like mykje av eit forskingsfelt som andre sider ved språket. Dei store vitskaplege ordboksverka er å rekna som grunnforskning, av di dei utgjer ei først gjennomarbeiding og fortolking av store og komplekse materialsamlingar.

## 2. Ordboksverk og vitskaplegheit

Vitskaplege ordbøker har same modell som alt anna vitskapleg arbeid med empirisk grunnlag. Med utgangspunkt i ein teori, og eit gjeve og definert tilfang, isolerer ein det fenomenet som skal granskast, gjer greie for metode, og byggjer opp ei systematisk framstilling av dei ulike instansane av fenomenet. I ordbøker, er fenomenet ordtilfanget (i ein eller fleire språklege varietetar), instansane er oppslagsorda og framstillinga er ordartiklane. Metode skal vera gjort greie for i retningslinjer for redigering, føreord osv.

Fleire av dei store vitskaplege ordboksverka som skildrar moderne europeiske språk gjennom morsmålsbriller, ligg ved institusjonar utanfor universiteta. Grunnane er samansette, men nokre fell ein i auga: a) Ordbokstiltaka kom i gang før morsmåla var blitt akademiske undervisnings- og forskningsemne i sine land.<sup>1</sup> b) Ordboksverka krev oppbygging av arkiv og samlingar som universitetsstrukturen normalt ikkje har rom for.<sup>2</sup> c) Dei store ordboksverka som kom i gang før 1940, mangla realistiske gjennomføringsplanar og sleit i konstant pengenaud og mannskapsmangel. Dei vart fleir-

<sup>1</sup> OED vart vedteke som prosjekt i 1857 og kom i gang for alvor frå 1879, medan The School of English ved Universitetet i Oxford kom i gang frå 1893. Jf. Murray 2001:71; Palmer 1965.

<sup>2</sup> Ivaretaking av grunnlagsdata er ei pågåande sak i Noreg pga Forskringsrådets krav om lagring av forskingsdata i tilgjengeleg format i minst 10 år, om om plan for langtidslagring av utvalde data (Noregs Forskringsråd 2014: 5).

generasjonsverk, men sidan vitskapleg arbeid krev konsistent gjennomføring, vart dei etterkvart rekna som talsmenn for forelda vitskapleg metode. Samstundes kunne redaksjonar motsetta seg endring, fordi dei var redde for kvalitetssvikt. (Vikør 1999:397). Dette har nok gjort sitt til at universiteta har vore skeptiske til å hysa ordboksverk.<sup>3</sup>

I dag forstår alle at ordboksverk er produkt av si tid. Fleirgenerasjonsmodellen er eit tilbaketog stadium for alle slags forskingsprosjekt. Nye ordboksprosjekt vil bli planlagde med tanke på rask fullføring og stram kontroll. I dei siste tjue åra har vi fått fleire døme, ikkje minst i Norden, på at kvalitet og effektivitet kan sameinast. Eitt slikt døme er *NO*.

Har dei store ordboksverka ein plass i forskingsverda? Dersom ein meiner at leksikon er jamgodt med fonologi, morfologi og syntaks som forskingsemne, og fortener vitskapleg handsaming på same nivå, er svaret ja. Samlingsoppbygging og redigering krev spesialisert vitskapleg kompetanse, og denne kompetansen bør også koma dei tradisjonelle verkeområda ved universiteta til gode. Korleis dette skal organiserast er eit spørsmål som truleg krev eiga løysing for kvart ordboksprosjekt.

Dei vitskaplege ordboksverka har ein eigenskap som vitskaplege bidrag innanfor lingvistikkens deldisiplinar manglar; dei gjev ein syntese av deldisiplinane, i einskildartiklar og i høve til einskildord. Som heilskap gjer dei greie for ordlaginga i språket, synkront og ofte diakront. Slike referanseverk er uomgjengelege som forskingsstøtte i dei fleste vitskapsgreiner.

### 3. Ordbøker og kunnskapsteori

Det har vore vanleg i nyare leksikografisk faglitteratur å hevda at å skriva ordbøker er eit handverk, eller ein kunst. Implikasjonen er at formatet for ordboka og sjølve ordartikkelen ikkje har eit fundament som tilfredsstillar vitskapsteoretiske krav, eller at det teoretiske fundamentet ikkje er viktig. Ei typisk utsegn (frå ei mykje brukt handbok) er denne:

---

<sup>3</sup> Historisk-Filosofisk fakultet, Universitetet i Oslo avklara den vitskaplege statusen til leksikografien ved fakultetshandsaming i 1989 (Utvalget for forskingsspørsmål 1989).

Lexicography is a craft, a way for doing something useful. It is not a theoretical exercise to increase the sum of human knowledge (Landau 2001:153).

Eg er usamd med Landau; føremålet med den vitskaplege ordboka er sjølvstøtt å auka summen av menneskeleg kunnskap om dei systematiske samanhengane mellom einskildord og alle eigenskapar som ord har, frå lydleg realisering til tyding og språkbruk. Det finst vitskapsteori og modellar for korleis ordboksartiklar og ordbøker må vera om dei skal fylla føremålet.

For leksikografien er det uheldig at det i periodar har mangla ein eksplisitt fagdiskusjon om grunnleggjande teori og metode. Dette har gjort det lettare å avfeia leksikografi som eit handverk utan teoretisk fundament, og skapar vanskar for etableringa av leksikografi som akademisk disiplin.

### 3.1. Ordboka, ordboksartikkelen og tidleg vitskapsteori

Standardteorien for etablering av vitskapleg sanning i mellomalderen og tidleg nytid bygde på Aristoteles si lære om logikk. Aristoteles drøfta aldri språk direkte, men han kjem inn på språkrelaterte emne i fleire avhandlingar om logikk og litteratur. Særleg viktig er den vesle teksten *Perihermeneias* (Arens 1984 10-11). Formatet for ordboksartikkelen kan reknast som ei utsegn om kva noko er, eller kva for vesentleg(e) eigenskap(ar) noko har, og slik sett innordnast under aristotelisk logikk for etablering av sanning. Ordboksartikkelen kan reknast som ei deklarativ utsegn om ekvivalens; i ein gjeven kontekst er oppslagsordet likeverdig med definisjonen (Bussmann et al 2006:283-4). Likningsforma er ein svært sterk reiskap for å etablere samheng mellom oppslagsord og omgrepsbeskriving, like sterk for språk som for naturvitskapane. Eit register av ordtilfanget i eit språk, i form av oppslagsord som er sette lik systematisk oppbygde definisjonar, kontrollerte mot gode kjelder, aukar summen av menneskeleg kunnskap om det aktuelle språket og om omgrepsverda som språket refererer til, og dermed kunnskapen om korleis verda ser ut gjennom dei brillene som det språket utstyrrer oss med.

Aristoteles er far til andre utsegner om språk som har vekt for leksikografien, endå om teksten handlar om filosofi eller litteratur. Han peikar på at ei ordform i isolasjon ikkje tyder noko (Arens 2000:369), at

grunnord skil seg frå samansette ord ved at dei ikkje kan analyserast med oppdeling (Bywater 1962:71), at bøygde former er variantar av substantiv og verb, at sambandet mellom ord og tyding er menneskeskapt og vane-bestemt (konvensjonelt) - altså ikkje gudegjeve (Arens 2000:367) og at forståing av ord, og dermed formidlinga av tyding, er avgrensa av individuell og sosial språkleg kompetanse (Bywater 1962:71). Alt Aristoteles seier om språk og logikk, føreset elles høg morsmålskompetanse.

Tekstane til Aristoteles, med kommentarar, var pensum langt inn på 1700-talet. Det har vore elementær vitskapsteori at sambandet mellom ord og tyding kan dragast ut av etablert (og dokumentert) språkleg praksis; at ordboksartikkelen skal setja oppslagsord (pluss bøygde former) lik ein eller fleire definisjonar (som kan skiljast frå kvarandre ved å sjå på språkbruk); og at spørsmålet om definering må sjåast i høve til mottakarbehov.

Premissane for forma på ordboksartikkelen var sjølvsgade så lenge aristotelisk logikk stod på pensum for folk med utdanning. Ein kan undrast på om dette er grunnen til at formatet på ordboksartikkelen – etter det eg veit - aldri er eksplisitt kommentert i tidlege ordbøker (sein mellomalder og renessanse). Ordboksartikkelen var ein kjend standard for korleis sanning om språk blir etablert. Formatet på ordartikkelen og ordboka må ha vore velkjend for alle studerte menneske i Norden, som hjelpemiddel i å læra seg latin og gresk, og som format for registrering av sambandet mellom teikn og tyding. Ordinnsamlinga som vart sett i gang av Matthias Moth, hadde ikkje vore mogleg om ikkje slik kunnskap var allemannseige<sup>4</sup>.

Den første ordboka med norsk ordtilfang er ei lita bygdemålsordliste med ord frå Sunnfjord, utarbeidd av soknepresten Christen Jenssøn og prenta i København i 1646 (Jenssøn 1646). Om ein berre ser på stad og emne, kan det vera uventa at denne ordboka er eit for si tid leksikografisk velordna produkt, med oppslagsord i grunnform, ordklasse, definisjonar og bruksdøme, og i somme tilfelle gloss på latin. Men ordboka er skriven av ein prest med universitetsutdanning. I studiet må han ha blitt vel kjend med ordboks-formatet og ordbokssjangrane i samtida. Alt Christen Jenssøn har gjort, er å bruka denne allmennkunnskapen på sitt eige heimemål, liksom Matthias Moth føresette at informantane hans skulle gjera, femti år seinare.

---

<sup>4</sup> Sjå t.d. omtalen av Matthias Moths ordbok <dsl.dk/sprog/ordboger-og-sprogteknologi/moths-ordbog>, eller omtalen av dei norske bidraga i Grønvik 1998.

### 3.2. Ny tid og ny teori

Det finst nokre sjølvstendige ordbøker frå sein mellomalder, i manuskript, men den sjølvstendige ordboka som sjanger høyrer nytida til. Ordboksmanuskript er arbeidskrevjande å setja opp, men òg svært nyttige. Høvet til masseproduksjon av tekst, saman med lærehunger og nye krav til utdanning, skapte ein stor marknad for ordbøker på 1500-talet. Mange ordbøker vart trykte fleire gonger, med utbetringar og redaktørskifte. Samstundes som dei første store dokumentariske ordbøkene vart etablerte (*Vocabulario della Crusca* (VDC), *Dictionnaire d'Academie Française* (DAF)), voks det opp ein blømande marknad for kommersiell leksikografi.

Skjedde det teoriutvikling i høve til ordboksformatet i denne tida? Ja, ein ser ny teori, dels som følgje av generell vitskapsteoretisk utvikling, dels retta inn mot både makrostruktur og mikrostruktur i ordboksformatet.

Det generelle først: Dei store ordboksprosjekta frå 1500- og 1600-talet viser at leksikografien utvikla seg i takt med haldninga til vitskap generelt: Ordboksartikkelen kunne ikkje berre vera ei logisk korrekt utsegn om ekvivalens, han måtte omfatta prov, i form av kjeldefeste døme på verkeleg språkbruk. Det gav empirisk grunnlag for å hevda at oppslagsordet fanst, og korleis det var brukt. Denne utviklinga grunnjev arkiva som vart oppbygde for VDC og DAF.

Masseproduksjonen av trykt materiale førte også til ei anna endring som fekk følgjer for ordboksformatet. Som undervisningsemne trong skriftspråket fast form, særleg ortografisk, men og på andre område. Fast rettskriving var ein føresetnad for den mest populære makrostrukturen for ordbøker, alfabetisk artikkelordning.

Andre ordbokstekniske nyvinningar gjeld kategorisering og modellbygging, og knyter seg til det at kontrollert typografi kan brukast til å markera feltinndeling. Omtale av slike nyutviklingar finn ein i til dels føreord og brukarretteiingar, med vekt på nyvinningar i høve til konkurrentar<sup>5</sup>. Også denne måten å tenkja analytisk på, kan knytast til samtidas nytolking av aristotelisk metode (Steinfeld 1986:33).

Tida frå reformasjonen og fram til om lag 1800, står først og fremst i den normative leksikografiens teikn. VDC og ADF la seg i forkant ved å prøva å

<sup>5</sup> Sjå t.d. Mooijaart 2013: 6-9, med ein gjennomgang av formatutvikling i eitt- og fleirspråklege ordbøker for hollandsk på femten- og sekstenhundretallet.

normera ein skriftspråksstandard i framvekst, og vart dermed sterkt preskriptive. I England kom det første store, litterære ordboksverket først i 1755, med Samuel Johnsons *Dictionary of the English Language*. Dette tiltaket kunne utnytta to hundre års litterær oppblomstring innanfor mange sjangrar. Normativiteten i Dr. Johnsons ordbok gjer seg derfor gjeldande i lemmaseleksjon, tilpassing av rettskrivinga og utval av døme frå eksisterande tekst, men ikkje i ope preskriptive reglar for korrekt uttrykksmåte<sup>6</sup> (Brewer 2000:40-41).

### 3.3. Komparativ filologi og historisk leksikografi

Dei store vitskaplege morsmålsordbøkene som vart påbyrja på 1800-talet har sett ein standard for leksikografi internasjonalt. Dei best kjende i tillegg til dei nordiske er *Deutsches Wörterbuch* (DWB), *The New English Dictionary* (no: *The Oxford English Dictionary*, OED) *Svenska Akademiens Ordbok* (SAOB), *Ordbog over det Danske Sprog* (ODS), *Woordenboek der Nederlandsche Taal* (WNT). Desse ordboksverka tok sine mål frå den språkvitskaplege teoriutviklinga i samtida, og i opposisjon til den normative leksikografien 1700-talet. Utgangspunktet var framstega til den komparative språkvitskapen tidleg i hundreåret, som gjorde det mogleg å handsama språkutvikling på ein systematisk måte. Språkutviklinga blir dedusert frå form på og bruk av einskildord. Ordboksprosjekta var derfor veleigna til å syna fram språket som diakront og synkront system. Ordbøkene skulle vera deskriptive og upartiske, og i prinsippet opne for alt ordtilfang. Det vitskaplege låg i at beskrivinga skulle byggja på røynelege og kjeldefeste språkprov, systematisk ordna i tid. Ved å jamføra systematisk med eldre språksteg og andre språk kunne ein kartleggja ordlaging og tydingsutvikling nøyaktig, og avdekkja generelle mekanismar i det språket som var under lupa.

Tankegangen bak dei historiske ordboksprosjekta var den same som for mange andre vitskapsgreiner på 1800-talet: komparativ metode anvendt på materiale ordna etter ein tidsakse, skulle gjera det mogleg å beskriva ikkje berre korleis røyndomen såg ut, men kvifor han var som han var og måtte vera nettopp slik, etter dei lovene som gjeld for fagfeltet. Ei systematisk

---

<sup>6</sup> Jf. Preface, der Dr. Johnson gjer greie for prinsipp for normering og utval av oppslagsord og døme, og definisjonsprinsipp.

utforsking av ordtilfanget i dokumentert bruk vart slik sett ein naudsynt føresetnad for å nå høgare abstraksjonssteg i alle andre, meir spesialiserte og abstrakte deldisiplinar i språkvitskapen, som (diakron og synkron) fonologi, morfologi, semantikk og syntaks. Parallellen til utviklinga av t. d. det vitenskapsteoretiske grunnlaget for faget geologi er slåande.

I teorien var dei historisk-komparative ordboksverka opne for ordtilfang frå talemål utanfor standardspråket, men orda måtte ut frå den tids teknologi skrivast ned og visast i bruk i skriftlege døme. Fonetikken var i si første byrjing, og det fanst ikkje standardar for talemålstranskripsjon. Ordtilfanget som skulle dokumenterast, måtte derfor vera dokumentert i skrift. Dermed vart dei første store vitskaplege ordboksverka tungt litterære. Når talemålsleksikografien kom, seinare på 1800-talet, var leksikografisk teori og metode mykje lik den som var nytta før. Utfordringane i talemålsleksikografien var dei same som for dialektologien, og knytt til metodar for isolering og organisering av lyd, transkripsjon og heimfesting. Eit tilleggsproblem var og er det at innsamling av talemålstilfang er kostar meir arbeid enn litterært tilfang, og er meir heterogent i form. Talemålsleksikografane har derfor ei særleg utfordring i identifikasjon av ukjende ordformer – er det nye oppslagsord, eller variantar av eit kjent ord? Slike spørsmål var dagleg kost for redaksjonen i NO, og har fordra omfattande morsmålskompetanse i redaksjonen frå både diakron og synkron synsvinkel.

#### **4. Teknologi og ordboksutvikling**

Ordboksproduksjonen har vore gjennom to store teknologiske revolusjonar: overgangen frå manuskript til trykte bøker og deretter frå manuskript som laupande tekst til manuskript i ein elektronisk mal med førehandsdefinerte grenser. Den første overgangen skapte langt på veg sjangeren ordbok som sjølvstendig produkt. Den andre overgangen har endra vilkåra for produksjon og tilgjenge, slik til at vitskaplege ordbøker kan bli folkeeige.

For ordboksprosjekt gjev dette tre innsatspunkt der overgang til IKT kan gje vesentlege vinstar. Det gjeld tilhøvet mellom råmateriale (kjeldetilfang) og produkt (ordboksverk, ordartikkel), produktformat (ordboka som heilskap og artikkelformat) og produksjonsprosedyre (delvis automatisert innskrivingsformat).



#### 4.1. Følgjer av trykking for ordbokssjangeren

Den gjennomgåande forbetringa for kunnskapsformidling som trykkjekunsten førte med seg, gjeld visualisering av systemet både i makro- og mikrostruktur. Trykkjekunsten opna også for masseproduksjon av ordbøker, og kan seiast å ha skapt sjangeren. Utdannings- og kunnskapseksplorasjonen som prega perioden, kravde effektiv formidling gjennom fleire språk enn latin, og morsmålets stilling og prestisje vart ei omstridd sak gjennom heile 1600-talet, ikkje minst i Danmark (Steinfeld 1986:44 ff.).

Ordbokssjangeren var alt før 1600 utvikla med etter måten velordna format, i tett tilknytning til funksjon (Simpson 2007: 18). Her kunne morsmålsordboka byggja på meir enn 100 års tradisjon med trykte to- eller fleirspråklege ordbøker (Hanks 2010:12). Det tok ikkje lang tid før dei grunnleggjande prinsippa for korleis ei ordbok skulle sjå ut, var på plass: artikkelordning i kolonner, typografisk separering av kategoriar, alfabetisk eller tematisk ordning av ordartiklar.

Også mikrostrukturen er svært gjenkjenneleg sett frå moderne synsstad. Kategoriseringa i dei tidlege prenta ordbøkene er lett å sjå, takk vere typografiske verkemiddel som storleik, satstype og farge. Det at kategoriseringa blir så synleg, er til hjelp i sjå og skilja mellom ulike kategoriars eigenskapar, og i å auka konsistensen i gjennomføringa.

Ordboksartikkelen har truleg vore forstått som ein serie med skriftlege uttrykk for kategoriar så lenge sjangeren har eksistert, jf. ordbøker frå tidleg nytid (Elyot 1538; Maaler 1561; Cawdrey 1604). Ei rekkje kategoriar er ordna etter eit indre system der hovuddraga ligg fast frå ordbok til ordbok, samstundes som det er rikeleg med rom for tilleggsspesifisering. Det går nesten ikkje å skilja mellom eittspråkleg og tospråkleg - ein må heller sjå på kva for språk det er fokusert på, eventuelt gjort greie for, og kva for kategoriar som er viktigast i kvar ordbok.

Lat oss ta Cawdrey (1604) som døme: Han bruker utheva oppslagsord med liten forbokstav og i grunnform, og definisjonsformat med same setningsleddform som oppslaget. Han instruerer i alfabetbruk, og gjennomfører same redaksjonsmål i oppslagsord og definisjonstekst. Ordboka hans er ei ordbok for "hard words", så opphavsspråk er markerte med ein forkorting; "fr" for fransk, "gr" for gresk osv.

Artikkelformatet – altså mikrostrukturen - omkring 1600 framstår som temmeleg standardisert. I tillegg til oppslagsord i grunnform finn ein markering av genus med artikkel, bøyingsformer førte etter fast mønster, etymologi (opphavsspråk for importord), definisjon (med synonym eller antonym), bruksdøme eller sitat (øg med kjelde), og motsvar i anna språk (oftast latin). I somme tilfelle er bruksdøma ordna etter tyding, med kommentarar som syner tydingsnyanse. Redaksjonelle døme kan bli nytta for faste uttrykk, sitat for meir kontekstbunden språkbruk. Fraseologi kan vera skilt ut og kommentert. Den tekniske revolusjonen som trykkjekunsten var, gjorde ordboka til standardreiskap i utdanning for mange fleire enn før.

Overgangen frå handskrift til trykking inneber endringar som kan minna om overgangen frå trykking til IKT (Hanks 2010). Ordboksartikkelen har med andre ord vore ein opplagd kandidat for innpassing i eit databaseformat lenge før datamaskina fanst.

#### 4.2. Grunnlagsmateriale, arkivteknikk og meir typografi

Ordboksprosjekta som var inspirert av den historisk-komparative språkvitskapen, har det sams at dei vart bore fram av entusiasme i startfasen, som sentrale nasjonale identitetsprosjekt (Mugglestone 2006:4), og at det ikkje vart utarbeidd realistiske prosjektplanar. Det vart laga detaljerte faglege planar for kva ordbøkene burde innehalda, og sett mål for total storleik av typen ”fire til seks store band”. Krav til underlagstilfang, manuskriptlengd (totalt og per artikkel), tids- og kostnadsstudiar osv., manglar. Fleire prosjekt kviler på dugnadstanken – friviljuge skal ta seg av ekserpering og setelutskrivning, men behovet for opplæring vart oversett i utgangspunktet (Murray 2001:171 ff.). Etter kvart voks forståinga for at ordinnsamling ikkje er trivielt arbeid; Arkiva etter dei norske tiltaka, Det Norske Litterære Ordboksverk og NO, syner tett brevsifte med friviljuge medarbeidarar. For NO vart det skriva eit detaljert, eige instruksjonshefte (Hellevik 1956).

Spørsmålet om oppbygging av materialarkiv, og arkivteknikk, vart også undervurdert. Samtlege av desse ordboksprosjekta tok innleiingsvis lett på arbeidsmengd, logistikk og kostnad ved å byggja opp ekserptsamlingar som var gode nok for vitskapleg leksikografisk arbeid, i det omfanget som

planane vitnar om. Det er diverre symptomatisk at ordbokshistoriske arbeid seier lite om arbeidet med materialsamling og tilrettelegging.

Men ekserptsamlingane skulle leggjast til rette for redigering, og takast vare på for innsyn og kontroll. Dermed tvinga arkivoppbygging seg fram. Ivar Aasen arbeidde aleine og skreiv lister; James Murray byrja med setlar, brukte hyller, og sette familien i arbeid; skuffer med arkivkort i fast format og vern mot nedstøving kom etter kvart, likeins sorteringskasser og andre tiltak til lette for redigeringa. I somme ordboksverk (t. d. OED og SAOB) vart det skipa egne avdelingar som førebudde tilfang til redaktørane.

Grunnlagsmaterialet skulle supplera informasjon om både form og innhald. Ambisjonsvoksteren for den heildekkjande nasjonale morsmåls-ordboka hadde gjort artikkelformatet mykje meir omfattande enn tidlegare, særleg formdelen som skulle gjera greie for utviklingshistoriske tilhøve. Tilfanget for kvart ord derfor måtte sorterast fleire gonger, og sorteringa – setelbunkar på bord – var sjølvstekt sårbar (Bø 1989:87 f.).

NO kom først i gang i 1929, og lærte av forgjengarane. Arkiva til NO vart laga i einsarta format og finalfabetisert i arkivskuffer frå første stund. Utfordringa i NO-tilfanget var såleis ikkje arkivteknisk. Men arkivutbygging vart etter det eg veit aldri rekna på som ei eksplisitt arbeidsoppgåve, og dermed til dømes aldri vege mot arbeidsinnsats i korpusoppbygging, før på 1990-talet. På 1990-talet vart papirarkivet fotografert og digitalisert, og det digitale Setelarkivet kom på nett i 1998. Ein heldt fram med produksjon av papirsetlar i ei tilleggsarkiv til 2001, men då var det slutt. I dei vitenskaplege ordbøkene vart typografisk feltmarkering elles driven til nye høgder etter som ordartikkelen utvikla seg i kompleksitet. I dei nordiske vitenskaplege ordbøkene er typografi som feltindikator utvikla lengst i SAOB; men alle store ordboksverk frå 1900-talet legg vekt på typografiske verkemiddel i formidlinga av leksikografisk innhald (sjå t.d. Osselton 2006:69).

Typografisk har NO aldri vore svært sofistisert; det var og er nytta éin font i ein storleik, i halvfeit, rettskrift og kursiv. I papirperioden var kategoriseringa av innhaldet dermed avhengig av rekkjefølgje og tekstmarkørar, meir enn av visuelle indikatorar.

### 4.3. Frå papirarkiv til digitale samlingar

Frå 1980 om lag braut datateknologien for alvor inn i ordboksverda, først som hjelp til meir effektiv setjing og prenting av manuskript, deretter som reiskap i strukturering av manus. Etter kvart kom det redigeringsformat som føresette førehandskategorisering av ordboksinnhaldet, med redigering rett inn i artikkelskjema, lagring av manus i (relasjons)databasar, og tekstvisning i fleire ulike format, alt etter kva medium det er tale om. Mitt første møte med dette arbeidet kom på eit arbeidsseminar i København i mars 1988, om innskrivingsapplikasjonen Compulexis, organisert av ODS-S og GDO. Skiljet mellom digital tilrettelegging av materiale og satsing på en rein innskrivingsapplikasjon vart lyft fram, og representerer framleis eit hovudskilje i tilnærminga til kva overgang til digital plattform inneber.

For NO kom digitalisering av tilfanget først, via Dokumentasjonsprosjektet i Noreg (jf Ore & Kristiansen 1998:19 ff.). NO dekkjer tale og skrift gjennom fire hundre år, og kjeldene speglar dette. Heterogeniteten i det skriftlege uttrykket er stor, og krev solid filologisk innsikt for at tilordninga frå ordform i kjelde til oppslagsord skal bli rett. Eit særleg problem for NO var rettskrivingsutviklinga frå Aasens tid til notid, med ein serie ortografiske revisjonar som m.a. innebar endringar i framlyd, og dermed spreiding av tilfang til fleire bokstavar i alfabetet. Setelarkivet var éi kjelde, andre kjelder var normerte etter eldre rettskrivingar, eller unormerte. Det mangla både oversyn over omfanget og kunnskap om arbeidssparing ved betre tilrettelegging – og i så fall korleis ein best kunne gjera det.

NO-redaksjonen visste at normeringa i Setelarkivet var så mangearta at det seinka effektiv redigering. I denne situasjonen kom framlegget frå Christian-Emil Ore om å laga ein felles indeks for alle samlingskomponentar nærast som svar på ei bøn (Ore 2000 og 2001). Indeksen fekk namnet Metaordboka (MO), og dei første komponentane var Setelarkivet<sup>7</sup>, Trønderarkivet<sup>8</sup> og Grunnmanuskriptet.<sup>9</sup>

---

<sup>7</sup> Setelarkivet vart oppbygd med dugnadsinnsats frå 1929 og utover, no på 3.2 mill setlar, med både talemålsopplysningar og litteraturekserpt.

<sup>8</sup> Setelarkiv oppbygd ved nordiskmiljøet ved Universitetet i Trondheim. Trønderarkivet dekkjer talemålet i Trøndelag og på Nordmøre, og har om lag 200 000 setlar.

<sup>9</sup> Grunnmanuskriptet er ei første samarbeiding av sentrale kjelder for Norsk Ordbok, utført om lag 1930–1945 (Vikør & Wetås 2016: 19-20).

Overføringa av NO til digital plattform måtte byrja med rydding i underlagstilfanget, for utan rydding kunne vi ikkje proporsjonera dei attverande banda, og utan proporsjonering fekk vi ikkje lagt ein plan for framdrift. MO er ordna strengt alfabetisk, og er det beste utgangspunktet både for lemmaoversyn og for proporsjonering av heile ordboka. For proporsjonering av dei attståande banda var det viktig at tilfanget for kvart lemma var samla under ei einaste oppslagsform i MO. I det første prosjektåret gjekk 15 årsverk til normering av MO frå i til å. Artikkeltalet fall med om lag 15 prosent. Tilhøvet mellom grunnlagstilfanget og heile ordboksverket vart handtert ved at MO vart nytta til å proporsjonera dei attverande 8,5 banda (i-å). Alfabetfordeling på 12 band vart rekna ut for heile verket og for dei attverande banda, i bolkar på 20 sider. Dermed fanst det ein hovudplan som viste kor mykje plass ein hadde per alfabetbolk, og kor mykje som måtte gjerast per år om prosjektet skulle bli fullført innanfor tidsramma. Denne planen vart følgd strengt og heldt til og med band 11 og halvvegs inn i band 12.<sup>10</sup>

Tilrettelegging av ulike kjelder for meir effektiv bruk vart eit arbeidsområde i heile prosjektperioden. Den mest arbeidskrevjande oppgåva har utan tvil vore innordning av unormert tilfang (målføreordsamlingar og eldre ordsamlingar) i MO. Dette inneber at prosjektet også har måtta handtera retrodigitalisering av eldre tilfang, både utgjeve og uutgjeve.

Det var behov for utviding av grunnlagstilfanget. Nynorskorpuset kom til i 2003 og har vokse under heile prosjektperioden<sup>11</sup>. Det er allment kjent at manuelt ekserperte språksamlingar er gode på leksikalsk breidd, men svake på å spegla bruksfrekvens. Føremonen med tilfangsauken i Nynorskorpuset viste seg i at ei mengd språklege fenomen kom i rettare lys, både dei frekvente og dei sjeldsynte, i samsvar med eller som avvik frå overordna mønster.

Sidan tilfanget voks gjennom heile prosjektperioden, vart finproporsjonering per band gjort rett før oppstart av nytt band, men forskuving mellom bolkar eller band vart ikkje gjort. Det var planen frå 2005 som galdt.

<sup>10</sup> Som kjent vart slutfasen av prosjekt NO2014 forstyrra av konflikten med leiinga ved UiO. Dette er grundig drøfta i Vikør & Wetås 2016 og vil ikkje bli vidare omtala her.

<sup>11</sup> Nynorskorpuset har no om lag 105 mill tokens.

Som del av den generelle proporsjoneringa vart artikkelomfang i tal linjer vekta etter materialmengd. MO-artiklar med eitt belegg – hapax - fekk 0 linjer. Dei største MO-artiklane fekk eit tak på 1260 linjer (10 spaltar).

Dette var ikkje bindande for redaktørane. Artiklar kunne gjerast større eller mindre enn den føreslegne ramma etter fagleg skjønn. Men den aktuelle alfabetbolken kunne ikkje gå utover den tildelte ramma, så sprengd ramme ein stad inneber kniping ein annan stad innanfor same alfabetbolk.

#### 4.4. Ordboka frå manuskript til database

Overføring til digital plattform for eit pågåande prosjekt er ein balansegang. Ein vil ha føremonane med digitalisering, men ikkje skjera av sambandet med den predigitale fortida. For NO var hovudføremålet å få utnytta den sterkaste sida ved elektronisk datahandsaming, som er rask og lik handsaming av likearta data, og få redigeringa innordna i ein fast modell.

Nøkkelordet er ”likearta”. For å oppnå gevinst ved digitalisering, må dataa vera nøyaktig kategoriserte etter kriteria i faget og disiplinane som prosjektet spring ut av. Såleis vil digitalisering av eit gammalt prosjekt ofte innebera ei gjennomvasking av og opprydding i dei parameter som fagtradisjonen ber med seg – så også for NO, både i høve til den internasjonale disiplinen leksikografi og i høve til ulike sider av filologien og lingvistikken, anvendt på eit nordisk språk.

Ein premiss for digitalisering av gamle NO var at verket skulle framstå som ein einskap før og etter overføringa – dei fire første banda skulle hengja tydeleg saman med dei åtte siste. Dette innebar at redaksjonell rettskriving<sup>12</sup> og alfabetisering skulle stå uendra<sup>13</sup>, og at kategoriar og ordningsprinsipp skulle stå uendra så langt råd. Det innebar også sterk vekt på at papirordboka skulle tilfredsstilla ordboksestetiske krav. Dei fire første banda av NO var innskrivne som elektronisk tekst og korrekturlesne sist på 90-talet. Teksten vart analysert manuelt og datamaskinelt. Analysen synte at papirutgåva av NO var eit svært komplekst dokument.

NO skulle også få eit vitskapleg løft: IKT-overgangen skulle bidra til å framheva ordboksverket som ein gjennomført og riktig proporsjonert analyse

---

<sup>12</sup> 1938, tradisjonelle former

<sup>13</sup> Endå om nynorskrettskrivinga er endra fleire gonger etter 1938, seinast i 2012.

av norsk ordtilfang. Kvar artikkel skulle vera ei lita vit-skapleg avhandling, med ei korrekt og systematisk gjennomført oppsummering av underlagstilfanget, i ei form som er klar og overtydande, og like brukande for lek og lærd. Uløyste flokar skulle isolerast og få ei løysing.

I ei vitenskapleg ordbok skal det vera tett samanheng mellom underlagstilfang og ordartikkel, ned på tydingsnivå, og med rett rekkjefølgje på utvalde sitat. I ein leksikalsk ordbase kan dette gjerast med hyperlenking: brukarar av ordboksverket kan få høve til å sjå rett inn i underlagstilfanget. Slik kan brukaren sjå om ordboka svarer til sitt kunngjorde føremål, om ordboksartikkelen er dekkjande for tilfanget, og om tilfanget treng supplering for å få med udokumenterte nyutviklingar. Slik hyperlenking gjer også kvalitetskontrollen enklare innanfor redaksjonen – kollegalesaren kan klikka på ei lenke i staden for å gå og leita fram setlar i papirarkiv.

Innskriving av ordartikkelen gjekk med digitaliseringa over frå å vera ein komposisjon i fri tekst, til å bli utfylling av eit skjema, med tydeleg skilje mellom fritekst og bunden tekst (Grønvik 2005b:5). I ei ideell verd skal det å fylla ut eit skjema på nettet vera så lett at framgangsmåten verkar sjølvforklarande. Gjennom kartlegginga av arbeidsmåten til dei gamle NO-redaktørane var det kjent korleis dei arbeidde, og kva dei la vekt på. Strukturen i ordartikkelen var uendra i hovuddrag, men stramma inn og formalisert på mange punkt. Redigeringsformatet vart lagt opp tett opp til eksisterande arbeidspraksis, med dei tillempingane som følgjer av omleggingane som er nemnde ovanfor. Kjedefesting, teiknsetjing osv. er knytt til format og menyar. Kjelder og anna støttetilfang er så langt råd plassert i eigne databasar eller lister som så er kopla til redigeringsapplikasjonen. Det er høve til å kopla artiklar til kvarandre på artikkel- og tydingsnivå. Detaljane i korleis ein arbeider innanfor dei ulike applikasjonane er det gjort greie for i brukarmanualar, medan den leksikografiske grunngevinga, knytt til konvensjonane for NO, er å finna i Redigeringshandboka (Grønvik & Gundersen 2015).<sup>14</sup>

NO blir lagra i ein relasjonsdatabase der innhaldet kan uttrykkjast som pdf etter fast stilark (prenteklar sats), ordartikkelformat på nett, eller i ulike

---

<sup>14</sup> Redigeringshandboka fekk i hovudtrekk form 2003-2007. Seinare tillegg er innarbeidde laupande, fram til nettpublisering 2015.

format innanfor grensesnittet til den leksikalske databasen<sup>15</sup>. Alle eldre versjonar av artiklar blir logga og lagra.

Redigeringsapplikasjonen med tilliggjande verktøy vart etter kvart utvikla til eit produksjonsanlegg for ordartiklar som dekkjer heile prosessen frå artikkeloppretting til publiseringsklart produkt. Den gjer det mogleg å a) generera artiklar frå indeksert tilfang, med lenke til tilfanget, b) annotera og sortera tilfanget og lagra analysen, c) generera artikkelhovudet frå artikkelhovudet i Metaordboka, d) lenka tilfanget for kvar definisjon direkte til definisjonen, e) følgja produksjonsflyten per artikkel og for ordboksmanuskriptet som heilskap. Det er også lagt til rette for langtidslagring av ordboksmanuskriptet.

#### 4.5. Frå einskildmedium til multimedium

Det er ikkje urimeleg å rekna med at store ordbøker i framtida kan bli del av informasjonsnettverk der lyd, bilete og andre informasjonkjelder heng saman med ordboka (Grønvik & Ore 2016:139). Her skal eg halda meg til det som er gjort og har vore påtenkt for NO.

**Indre hyperlenking.** NO på digital plattform fekk høve til hyperlenking mellom artiklar og definisjonar. Dette kan ein vel rekna som standardutstyr etter kvart. Føremålet var mellom anna å hindra t.d. eittordsdefinisjonar som ikkje fanst som oppslagsord, men og generelt å gje høve til den presisjonen definisjonsspråket som ei vitskapleg ordbok bør ha.

Ein annan type indre hyperlenking går til samansette ord som ikkje er redigerte, men blir tekne med som døme på ordlagingspotensialet til oppslagsordet. Her blir det oppretta ein artikkel i databasen, som i utgangspunktet er innhaldstom. Men tilfanget finst, og om ein seinare kjem til at ordet fortener å definerast, så er det mogleg.

**Ytre hyperlenking.** I og med at alle NO-artiklar er genererte frå Metaordboka, er det umogleg å oppretta artiklar utan underlagstilfang. Ein kan spesifisera dette vidare ved å oppretta direkte kopling frå definisjon eller sitat til det relevante belegget. Vidare er det mogleg å oppretta sorterar til kvar artikkel. Då hentar ein inn tilfanget frå Metaordboka og eventuelt frå Nynorskkorpuset, og annoterer, sorterer og ordnar etter behov. Sorteraren er

---

<sup>15</sup> artikkeltre, innskrivingsskjema, laupande tekst.



ei viktig stø for redaktørane i arbeidet med store artiklar, men også små artiklar kan ha bruk for annotering av tilfanget. I sorteraren blir annoteringa lagra, slik at ho er tilgjengeleg for framtidig revisjon.

Det har vore planar om å lenka NO (via MO) til målførekorpuset ScandiaSyn, til dømes for å få lyd til sitat. Til dette har vi mangla finansiering, men det som tel meir, er at det ligg personvernrestriksjonar på bruk av tale. Fleire mindre nettbaserte målføreordbøker har innlest tale til oppslagsord og sitat (t. d. Skolt & Wøllo 2013), så dette er noko som kjem.

**Lenking til ikkje-leksikalske resursar.** Den siste forma for hyperlenking som det vart tid til for NO, var lenking til kart, for å syna målføretilfanget per ordform, definisjon og sitat. Dette vart mogleg av to grunnar – geografikjeldene til NO låg føre i ein hierarkist og vekta database, og Kartverket fristilte sine kartdata frå 1.1.2014, i eit kart med kommunegrensene frå 1940-talet, då heimfestingssystemet for NO vart fastsett. Karta i nettversjonen av NO er populære, og har utløyyst respons frå brukarar i form av tilleggsopplysningar til ordartiklar.

## 5. Kva måtte endrast i ei elektronisk NO?

Til no har det handla om tilhøvet mellom NO og underlagstilfanget. Men kva måtte endrast i sjølve NO? Det var det fire område som særleg kravde tiltak. To galdt primært makrostrukturen, to mikrostrukturen. For makrostrukturen var det tilordning av funksjon til ulike artikkeltypar, og sams, streng alfabetisering og avsnittsordning (sjå del 6 Makrostruktur). For mikrostrukturen vart det viktigast å setja ein standard for det NO kallar normalartikkelen, og ei standardløyning for handtering av fleirordige uttrykk (sjå del 7 Mikrostruktur).

Ei overordna endring var innføring av ein standard på tilfanget for eit redigeringsverdig<sup>16</sup> oppslagsord (Grønvik 2005a:157). Før omlegginga til digital plattform hadde parolen vore at alt tilfang skulle utnyttast. Det førte til at NO 1-4 omfatta ufullstendige artiklar bygd på få belegg og utan dei opplysningskategoriane ein fullstendig ordartikkel krev. Denne framgangsmåten vart erstatta med grunnkrav til materialet attom kvar artikkel. Krava

---

<sup>16</sup> Kommenter tilhøvet mellom redigeringsverdig og leksikalisering under vitenskapelig vinst

var a) oppslagsordet måtte vera sikkert identifisert med ordklasse, i systemet for ordlaging og ordhistorie. b) ordet måtte vera godt nok dekt i kjeldene til at det kunne skrivast ein definisjon med minst ei godkjend kjelde (Grønvik & Gundersen 2014:40).

Krava vart realiserte i redigeringsapplikasjonen slik: Normalartiklar må genererast frå ein MO-artikkel med belegg frå redigeringsverdige kjelder. Eit framlegg om artikkelstorleik, basert på materialmengd, følger med den oppgenerte ordartikkelen. Tilfanget følger med til sorteraren, der redaktøren sorterer tilfanget etter eigne kriterium.

Når ei ordbok skal over på digital plattform, må ein ha ein modell for ordartikkelen. Det skal vera ein generell modell som dekkjer alle ordartiklar. Då er det to moglege utgangspunkt; ein kan tenkja seg ein modell for ein pårekna gjennomsnittsartikkel, ut frå ei førestelling om korleis den bør sjå ut. Så må ein tillata påbygging for dei artiklane som krev annleis handtering. Det andre utgangspunktet er å laga ein maksimumsmodell som dekkjer dei største og mest komplekse ordartiklane, og så bruka berre delar av dette formatet på dei fleste ordartiklar.

For NO vart båe metodar prøvt. Det var alt laga eit digitalt format for *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*. Vi eksperimenterte med utviding av det formatet det første prosjektåret. Men behova for artikkel-formatet i NO sprengde modellen. Hausten 2002 vart artikkelformatet nyskrive som maksimumsformat, med så eksplisitt kategorisering som det var rasjonelt å gjennomføra, gjeve at ordboka skulle framstå som ein samla heilskap før og etter innføringa av redigering på digital plattform.

## 6. Endringar i makrostrukturen

Utval og ordning av ordartiklar i ei ordbok, – makrostrukturen – byggjer på behovet for å lausriva gloseopplysningar frå tekst og organisera innhaldet i ei generell form. Den første og største endringa kom med trykkjekunsten, i overgangen frå glossar som følgjer ein tekst, til separate dokument med eigne ordningsprinsipp. Med sjølvstendig makrostruktur blir ordboka ein fleirbruksgjenstand. Dei to hovudordningsprinsippa for sjølvstendige ordbøker - alfabetisk eller tematisk ordning av oppslagsord - fanst før den trykte ordboka, men vart standardiserte som følgje av masseproduksjonen.

Andre makrostrukturelle løysingar er tematisk gruppering av artiklar, eller gruppering etter ordklasse. Men uansett artikkelordning er den trykte ordboka eit samhengande dokument. Ho kan lesast som laupande tekst, der lesaren alltid ser to heile boksider.

Leksikalske databasar skil seg frå papirordbøker ved at den einskilde ordartikkelen må kunna stå aleine. Han inngår i ei artikkelliste som blir vist fram, men artikkellista er bestemt av søket i databasen og varierer dermed frå gong til gong. Ein redaktør kan derfor ikkje bruka definisjonsplassen til å visa til føregåande artikkel, slik papirordbøker kan ha døme på. NO var redigert innanfor tradisjonell god skikk for vitskaplege ordboksverk, men var tenkt som laupande tekst. Derfor kunne ein finna på definisjonsplass ”jfr. flg”; som tyder noko slikt som ‘sjå på tilhøvet mellom neste oppslagsord og tilhøyrande definisjon, så forstår du kva dette ordet tyder’. I ein leksikalsk database, der kvar ordartikkel skal stå for seg, er dette ikkje godtakande.

### 6.1. Alfabetisk ordning med avvik

Den historisk-komparative språkvitskapen har som ein av sine følgjedisiplinar læra om ordlaging, særleg om avleiing. I etymologiske ordbøker kan tilfanget ordnast med oppslag på rot eller det ordet som er nærast rota, og med avleiingar og samansetningar knytt til same ordgruppe. Ei slik ordning bryt ofte med streng alfabetisk ordning for alt ordtilfang.

Noko av den same måten å ordna ordtilfang på, har flote over i dei større vitskaplege ordbøkene. Det gjeld særleg handteringa av samansetningar. Samansetningar med tilleggsopplysningar som står innbakte i andre artiklar, får uklar status: er dei samansetningsdøme eller er dei egne artiklar?

Ei elektronisk ordbok kan ikkje ha både alfabetisk og ikkje-alfabetisk sortering av artiklar. I NO vart dilemmaet løyst for det første ved strengt alfabetisk artikkelsortering etter første oppslagsform (somme artiklar har meir enn ei). Vidare skil NO mellom fire artikkeltypar: normalartikkel, tilvisingsartikkel, førsteleddsartikkel og etterleddsartikkel. Av desse kan berre normalartikkelen ha bruksdøme og sitat. Tilvisingsartikkelen peikar til ein eller fleire andre artiklar og kan ikkje innehalda anna enn slik tilvising.

Førsteleddsartikkelen og etterleddsartikkelen er skapte for å gjera greie for ordlagingssystemet i norsk på ein ordna måte. Etterleddsartikkelen kan berre brukast på ledd som ikkje finst som sjølvstendige ordformer (t. d. *-leis*,

adv, eller *-æring* m). Førsteleddsartikkelen har to undergrupper, dei tradisjonelle prefiksa (typen *mis-*, *van-*), og oppslagsord (med eller utan tilføyd fuge) som førekjem som førsteledd i samansetningar (typen *koke-*, *vass-*). Den siste undergruppa har to føremål; det første er å få gjeve formopplysningar som særleg vedkjem førsteleddet, for seg; det andre er å gjeva ei ordna framstilling av samansetningar til det aktuelle førsteleddet, vekk frå hovudartikkelen. Då blir samansetningane lista opp som døme, og som peikarar til tilfang i MO, utan tilleggsopplysningar.

## 7. Endringar i mikrostrukturen

Kva for endring har bruken av IKT ført til når det gjeld mikroformatet i ordbøker? Skal ein svara på det, må ein sjå på kva det betyr for leksikografien som fag at det blir laga modellar som simulerer eit generelt mikroformat for alle artiklar i ei ordbok, uavhengig av eigenskapane til oppslagsordet, og utan omsyn til tilfanget ordartikkelen skal byggja på.

Poenget med ein ordboksartikkel er å etablere ekvivalens mellom oppslag og definisjon. For å gjera denne likninga eintydig, kom det tidleg til spesifiseringar på baa sider av "likskapsteiknet", til dømes blir opplysning om ordklasse eller etymologi brukt til å grunnge skilje mellom homografar. På definisjonssida skil ein tydingar med definisjonar underbygde av bruksdøme. Idealet har vore stringens og konsistens, anten definisjonen har hatt setningsform eller har vore sett opp som hyperonym med spesifiserande tillegg, supplert med synonym.

### 7.1. Artikkelskjelett og kategoriordning

Formatet for normalartikkelen i NO er planlagt som eit maksimumsformat for dei største og mest innfløkte orda. Det skulle vera like brukbart for store og små artiklar, og tilby same funksjonalitet for ordartiklar som kravde stor plass og dei som ikkje gjorde det, men som kunne ha like finurlege kategoriseringsbehov.

Gamle NO hadde ein til dels svært innfløkt artikkelstruktur. Det var ikkje alltid klart kva nivå ein var på i høve til den innleiande definisjonen. Fleirordsuttrykk og avleiingar kunne stå som innbakte artiklar i artikkelen,

og fleirordsuttrykk kunne bli behandla på fleire punkt i hovudartikkelen, eller i fleire artiklar, noko som er uønskt.

Det vart derfor gjennomført ei forenkling av det moglege artikkelskjelettet i normalartikkelen, for å letta redigering, kvalitetskontroll og ordboksbruk. Ordartikkelen fekk færre nivå, fastare ordning av element, og kjeldefesting knytt til menyar. Om ein tenkjer seg artikkelskjelettet som eit tre, ville ein berre kunne gjera full bruk av alle artikkelement i den eininga som ligg ytst på kvar grein, som i NOs (interne) metaspråk fekk namnet ”tydingsbolken”. Overnivå til tydingsbolkar kan brukast til gruppering og felles kommentar til fleire tydingsbolkar. Innanfor tydingsbolken vart det innført fast rekkjefølgje av element: definisjon, døme, undertyding, fleirordige oppslag (”underartikkel”), samansetningsrekkje. Kvar tydingsbolk kan ha éin hovuddefinisjon. Neste hovuddefinisjon måtte ha nytt tydingsnummer. Denne måten å redigera på gav fleire nummererte tydingar, grunnare struktur per tyding, og kortare tydingsbolkar. Det vart også sett reglar for mengd og utval av sitat, krav om at prototypiske døme måtte koma først osv. Dette høyrer ikkje så radikalt ut no, men i 2002 var det eit merkbart, men naudsynt brot med 55 års praksis.

## 7.2. Formopplysningane i stram orden

I NO blir oppslagsdelen følgt av den såkalla hakeparentesen, altså den delen av ordboksartikkelen som inneheld informasjon om uttale, kjelder før 1900, skriftleg og munnleg formvariasjon, og etymologi med eit bilete, ordets id-kort. Denne artikkeldelen krev ofte store målførekunnskapar og solid innsikt i den indre språkhistoria, pluss brei kjeldekunnskap. I NO var arbeidet organisert slik at kvar redaktør har redigeringsansvar for heile ordartikkelen – vi har ikkje eigne etymologispesialistar. Redigeringa av hakeparentesen måtte derfor leggjast til rette så ho vart mest mogleg systematisk og homogen, og gjennomførbar for nye redaktørar med mindre røynsle i slikt arbeid.

Maksimumsmodellen for artikkelskjemaet tok utgangspunkt i ein utopi, nemleg full dekning av former per oppslagsordord for alle kategoriar; døme frå alle eldre kjelder, full informasjon om alle rettskrivingsendingar, målføredøme i alle bøyingsformer og frå alle kommunar, omfattande etymologiske opplysningar om band til andre ord i eige språk og samband til

andre ordartiklar i NO, med litterære referansar osv. Så langt råd var innhaldet bunde til tabellformat med fast rekkjefølgje for element. Kjelde-  
menyen var avgrensa og heimfestingssystemet gjennomarbeidd og vekta.

Dersom NO hadde vore redigert berre med tanke på digital utgåve, ville tabelltanken ha blitt trekt lenger; som det var, måtte vi t.d. godta forkorta målføreformer, som gjer ordformene svært vanskelege å søkja i.<sup>17</sup> Det var bruk for tydelege reglar om utval og føring, og for eit fritekstfelt til etymologiske opplysningar som ikkje kan stykkjast opp i tabellform.

### 7.3. Eige artikkelskjema for faste fleirordsuttrykk

Fleirordsuttrykk har alltid vore eit vanskeleg felt i norsk leksikografi. Ein grunn var mangelen på oversikt. Ein annan grunn var tradisjonen for å knyta tydinga til hovudordet i fleirordsuttrykk. Det kunne føra til at same ordsamband vart handtert under fleire definisjonar i same ordartikkel. Vi la derfor opp til at leksikaliserte, fleirordige uttrykk skulle redigerast på lik linje med andre oppslagsord, i eit noko redusert artikkelformat som fekk namnet "underartikkelen". Underartikkelen står i ordartikkelen for hovudordet i fleirordsuttrykket. I store ordartiklar med mange og sjølvstendige fleirordsuttrykk kan ein leggja underartiklane under eigne tydingsnummer.

Sjølv om papirordboka var den viktigaste bestillinga då NO2014 kom i gang, var det påtenkt at det måtte koma ei søkbar utgåve på nett. Med fleirordsuttrykka i eigne underartiklar er det mogleg å søkja etter faste fleirordsuttrykk på same måte som etter vanlege oppslagsord.

Grunnkrava til ordboksføring av eit fleirordsuttrykk var at det skulle ha fast form, minst ei tyding som var uføreseieleg ut frå einskildorda og form som eit setningsledd, ikkje som ei setning. Det vist seg at frekvens spelar ei rolle når ein skal velja handtering. For redigeringa av fleirordsuttrykka har det vore uheldig med strengt alfabetisk redigering. Det beste innordningspunktet for eit fleirordsuttrykk kan vera ein ordartikkel i alfabetstrekket a - h, endå om tilfanget for uttrykket låg under eit ord lenger ut i alfabetet.

Diskusjonen om korleis ein best avgrensar leksikaliserte ordsamband gått att og fram mellom redaktørane i heile prosjektperioden. Krava vart ikkje

<sup>17</sup> Sjå t. d. artikkelen "trettan talord", der målføreformene *trettan*, *trettån*, *tretta*, *trettå*, *tretto* er attgjevne som *-an*, *-ån*, *-a*, *-å*, *-o*. Denne føringa gjev at søk på t. d. målføreforma *trettå* ikkje vil gje tilslag.

definert veldig strengt innleiingsvis. Det var det ikkje grunnlag for, korkje i leksikografisk tradisjon eller i faglitteraturen på det tidspunktet. I staden leit ein på at det redaksjonelle skjønnet kombinert med kollegalesing og kvalitetskontroll ville føra fram til felles normer og felles praksis, som så kan studerast og gjerast greie for. NO inneheld no om lag 15000 faste fleirordsuttrykk i underartikkel, og spørsmålet om faste ordsamband i norsk er dermed i det minste tilrettelagd for vidare gransking.

## 8. Kvalitetskontroll

Det å ha ordboksmanuskriptet i ein strengt kategorisert leksikalsk database har vist seg å ha store føremonar både i førebygging og retting av feil. Når mange menneske skal arbeida med eit mangslunge tilfang, må det oppstå uvisse på ymse punkt, uansett kor god rettleiing ein har tilgjenge til. At ein då kan søkja opp den aktuelle kategorien og sjå på praksis hos andre, er ei støtte både i redigering og kvalitetskontroll. Slik feilsøking blir ofte utgangspunkt for redaksjonelle diskusjonar og utfylling av redaksjonelle retningslinjer. I somme tilfelle vart målretta utfylling av kjeldetilfanget ei følgje, såleis vart det lagt vekt på å få inn målføretilfang frå Nord-Noreg, som var underdekt innleiingsvis. Ei anna følgje var arbeid for å klårleggja tvilsame punkt når det galdt somme av 1600-talskjeldene og 1700-talskjeldene.

Eit hovudspørsmål i store prosjekt er dei interne arbeidstilhøva. Dei skal ikkje omtalast her, utover den generelle kommentaren at eit stort prosjekt må ha ei fagleg og administrativ leiing som kan og vil ta avgjerder når det trengst. Alle som har følgd NO-prosjektet veit at prosjektet har vore velsigna med svært dugande prosjektdirektørar og ein lojal og dyktig stab som har tolt ein krevjande arbeidssituasjon i lang tid. Eg har før jamført ferdigstillinga av NO med å gå Besseggen 15 år i trekk, og det er ein metafor eg står ved. Korkje tidsramma eller økonomien tillét feilskjer.

Systematisk utdanning av nye redaktørar kom i gang frå 2005. Den teoretiske opplæringa følgde Redigeringshandboka og redigeringsapplikasjonen ganske tett, som ein systematisk modulbasert gjennomgang av tilfang, prinsipp og handsaming. Denne opplæringa bygde på røynslene frå dei første gruppene med tilsette. Undervisningstilfanget vart oppdatert i detaljar, men heldt seg stabilt i dei åra opplæringa gjekk føre seg, til og med 2014.

Overgangen til redigering på digital plattform var størst for dei redaktørane som var med frå gamle redaksjonen. Det var mykje nytt å setja seg inn i på detaljplan, men den største endringa galdt rett og slett det å godta andres innsyn i eige arbeid. Det vart redigert inn i ein leksikalsk database der alle kunne sjå ein i korta, ned til materialsortering. Det vart umogleg å halda oppe idiosynkratiske arbeidsmåtar. Dette var noko alle forstod og godtok, men ein slik arbeidssituasjon er ikkje den vanlege innanfor humaniora, og det seier mykje om lagkjensla i NO-prosjektet at eit fleirtal av dei eldre redaktørane innretta seg greitt etter den nye tid.

## 9. Leksikografi og samfunnsrelevans

### 9.1. Vitskapleg leksikografi som prov på eksistens

Dei første vitskaplege morsmålsordbøkene må reknast som moderniserings-tiltak for heile samfunn. Dei sette standarden for skriftspråk og la til rette for meir effektiv kommunikasjon og kunnskapsformidling, i erkjenninga av at latin ikkje er for alle. Utdanningsvesen og skriftleg offentlegheit var under utbygging, og dei vitskaplege ordboksverka ytte sitt når det gjeld etablering av ein standard. Dette gjer dei etter si tids beste praksis, i respekt for aristotelisk logikk kombinert med dokumentasjon frå røyndleg språk. Ønsket om effektivitet i kommunikasjon og bruk pregar også den tidlege formateringa av ordboksartikkelen.

Tida etter reformasjonen er ei tid med nasjonsdanning, statsbygging og kamp om revir. Det var ikkje tilfeldig at kardinal Richelieu støtta opp om Academie Francaise. Det ligg meir enn to hundreår mellom starttidspunktet for VDC og DWB, men båe vart til i ei tid då desse to ordbøkene i sine respektive språksamfunn kunne stå som symbol på eit folkefellesskap som oversteig styringsform – korkje Italia eller Tyskland fanst som statar då ordboksprosjekta vart lanserte. Den patriotiske motivasjonen attom dei andre vitskaplege ordboksverka som vart påbyrja på i tida fram til andre



verdskrigen er heller inne vanskeleg å få auga på, sjølv om uttrykket er smålåte i dei nordiske tiltaka.<sup>18</sup>

Det den store vitskaplege morsmålsordboka gjer for eit språksamfunn, er å dokumentere eksistens over tid, pluss mangfald, omgrepssystem og sjølvbilete for det språket, den kulturen og det samfunnet som ordboka spring ut av, på den måten som kvart verk spesifiserer. Ordboksverka utgjer ein svært synleg kulturell og intellektuell kapital. Slik sett får dei vitskaplege ordboksverka symbolfunksjon for heile språksamfunn, i tillegg til praktisk verd for brukarane.

Ei morsmålsordbok for eit gjeve språk kan sjåast som ei beskriving av eit lukka system. Sjølv om ein unngår alle teikn til sirkeldefinisjonar i ordboksteksten, utgjer ordtilfanget i ordboka teikninventaret for kultursfæren som dette eine standardspråket rommar. Det som motverkar lukking, er særleg to tilhøve: den uavgrensa evna menneska har til omgreps- og orddanning, og grenseflata mellom språket i ordboka, og andre språk og språksteg. Også her er likningsforma reiskap; i fleirspråklege ordbøker er forventninga om ekvivalens mellom oppslagsord og motsvar på målspråket like grunnleggjande som forventninga om ekvivalens mellom oppslagsord og definisjon i den eittspråklege ordboka.

Autoriteten til ei ordbok, og dermed til redaksjonen, kviler på at brukarane er samde i at ordartikkel-likningane er rette, og at samanhengen mellom dei er truverdig framstilt. Provsgrunlaget er bruksdøma som utdjuapar definisjonen. Morsmålsordbøker har òg ein føresetnad om konsensus mellom ordboksredaksjon og brukarar; redaksjonens oppgåve er å skilja ut det vesentlege ved omgrepsinnhald i og bruk av alle oppslagsord, og uttykkja dette på ein måte som brukarane kjenner att og går god for.

Dei vitskaplege morsmålsordbøkene er kraftfulle uttrykk for at ikkje berre eit språk, men ein språksamfunn, eksisterer, har skapt ein omfattande skriftkultur, og har intellektuelt overskot til å reflektera over seg sjølv og sitt eige ved å definera heile si omgrepsverd på eigne premissar. Når dette er fullført, kan ein ikkje sjå bort frå resultatet. Det blir ein grunnvoll for vidareutvikling og sikkert omdefinering i mangt, men ingen kan lenger

---

<sup>18</sup> ”Allermest haaber jeg dog, at ordbogen maa blive et værk, der i vort land maa fremme kendskabet til vort sprog, og uden for landets grænser maa kunne tjene som hjælpemiddel for dem, der søger kundskab om vort modersmaal og vort aandsliv.” Verner Dahlerup, føreordet til første band av ODS (s. IX).

trekkja i tvil korleis dette språket ser ut, eller kva slags sjølvportrett dette skriftsamfunnet har levert.

## 9.2. Symbolverdi

Symbolverdien til dei vitskaplege ordboksverka vart og blir sett og forstått i andre språksamfunn som manglar vern frå ein nasjonalstat. Eit allment godteke ordboksverk kan lyfta opp underkjende talemål og private skriftmålsuttrykk til utkast til standardspråk. Ivar Aasen hadde eit standardisert bruksspråk som eksplisitt føremål for 1873-ordboka. Både NRO og NO høyrer til i denne forståingsramma, og eittspråklege ordbøker som skriftfester ikkje-standardiserte språk fører denne ambisjonen vidare.

Brillene som desse ordboksverka blir sedde gjennom, skiftar etter om det er eins eige morsmål som er dokumentert, eller eit anna. For morsmålsbrukaren er ordboksverket i utgangspunktet tenkt som eit skattkammer der ein kan finna det kollektive minnet til sitt eige samfunn og omgrepsapparat, uttrykt i sitt eige mål. For utlendingar fungerer dei store ordboksverka over morsmål som sivilisasjonsmarkørar for språksamfunnet som ordboka spring ut av. Såleis har det vore ein vanleg påstand at engelsk er det rikaste språket i verda. Del av grunnlaget for påstanden er ordboka OED. Det står også glans av DWB, SAOB, ODS og WNT. Tilsvarande finst dei ei utbreidd førestelling (som leksikografar og lingvistar gjer sitt beste for å avliva) om at språksamfunn utan store ordboksverk er fattige – forstått som ‘med lite ordtilfang og lita omgrepsverd’ (Fjeld 2008).

## 9.3. Legitimitet

Den viktigaste kjelde til legitimitet for dei vitskaplege ordboksverka, er at folk går god for at det biletet av språket som ordboksverket gjev, er sannferdig og rett. Det tyder i praksis at brukarane er samde i det dei sjølve kan kontrollera som morsmålsbrukarar, og godtek det ordboka seier som brukarane ikkje visste frå før. Denne folkelege tilliten er svært viktig for NO, ikkje minst av di så mange har vore med på å samla tilfang til språksamlingane gjennom så lang tid.

Noko anna er politisk legitimitet. Kristin Bakken gjorde i 2005 ein analyse av kva for legitimeringsargument ein kunne nytta for å få

oppslutning om fleire nordiske ordboksverk, irekna dei norske (Bakken 2006:17). For NO sin del nemner ho det særskilte offentlege ansvaret for nynorsk skriftkultur, forankringa i talemålet over heile landet, og tradisjonsaspektet. Eg trur eit viktig argument i tillegg no er at NO faktisk vart ferdig, har fått god mottaking, og blir brukt. NO og språksamlingane har også greidd å legitimera seg vitskapleg, i alle fall førebels, i og med at Universitetet i Bergen har teke på seg vidareføring i samarbeid med høgskulen i Volda, og den første stipendiatstillinga er lyst ut.

#### 9.4. Tilgjenge til dei vitskaplege ordboksverka

Så lenge dei vitskaplege ordboksverka berre fanst på papir, var dei òg symbol på lærd eksklusivitet. Men den tida er forbi. No som dei vitskaplege ordboksverka finst i gratis nettutgåver kan alle bruka dei når som helst, via datamaskin eller mobiltelefon. Nettutgåva av NO vart lansert 15.3.2012, og nettsida vart straks ein viktig formidlingskanal. Eg kjenner ikkje brukarstatistikken for dei andre nordiske ordboksverka – alle er på nett og fleire har tilpassa applikasjonar for mobilbruk – og har ikkje tal for NO. Men publikumskontakten inn mot ordboksredaksjonen viser at NO når langt fleire via nettet enn via papirbanda. Særskilt registrerer vi interesse for talemålsdokumentasjonen og dei dynamiske karta, med utbreiing for ordformer og tydingar. Karta synleggjer både funn og lakunar i materialet. Dei tek vekk illusjonen om at språksamlingane har full dekning, og kan inspirera informantar til å bidra med ny informasjon. Gjeve den sterke interessa for lokalt talemål som finst i Noreg, vil ei god publikumsteneste både styrka NO vitskapleg, og auka legitimeringskrafta.

#### 9.5. Den praktisk funksjonen til vitskaplege ordboksverk

Alle dei nordiske landa har ei etter måten lang ordbokssoge. Vi har velutvikla utdanningssystem og høg aksept for at skriftspråket som blir nytta i det offentlege rommet skal vera normert.

Om vi tenkjer kontrafaktisk – korleis står det til å språksamfunn der morsmåla ikkje er uttrykt i ei standardrettskriving, og der semja om samanhengen mellom ordform og tyding ikkje er dokumentert i ei stor morsmålsordbok? Hovudregelen er at morsmåla ikkje er del av den

eksplisitte infrastrukturen i slike samfunn. Mange er tidlegare koloniland, der kolonispråka framleis held stillinga som administrasjons- og skulemål. Mangelen på morsmål i standardisert form held samfunnsutviklinga attende. Krefter og kreativitet som skulle vore nytta til nyvinning, blir i staden brukte til å læra utanboks kva kjende og ukjende omgrep heiter på eit framandt mål som til dels ligg svært langt unna morsmålet.

Føresetnaden for at eit språk kan vera eksamensemne, er at det finst ein fasit for korleis morsmålet skal sjå ut i skrift, i form av vitskapleg språkdokumentasjon. Dei viktigaste komponentane er ein grammatikk og ei morsmålsordbok som byggjer på vitskaplege samlingar. Jamstillingsvedtaket i Noreg 1885 mellom "Landsmaalet og vort almindelige Bogsprog" ville ha vore utenkjeleg om ikkje Ivar Aasens grammatikkar og ordbøker alt låg føre. Dei afrikanske språka i Zimbabwe ville ikkje ha fått jamstelt status i grunnlova frå 2013 utan ordboksarbeidet på 1990-talet (Chabata 2015:20).

Dei store morsmålsordbøkene (a) viser semje i språksamfunnet om samanheng mellom ordform og tyding, (b) viser fram skriftspråket i bruk, (c) populariserer språkvitskapleg terminologi på morsmålet, (d) legg eit sakleg grunnlag for morsmålsopplæring, (e) gjer det mogleg å setja krav til målbruk i det offentlege rommet.

Føresetnaden for at den store morsmålsordboka skal ha desse funksjonane, er at det som står i ordboka, byggjer på faktisk språkbruk og sams normer. Morsmålbrukarar slår sjeldan opp for å kontrollera tydinga av orda dei bruker. Dei veit kva orda tyder, gjennom ein heil oppvekst og mange års utdanning med morsmålstrening. Men når det oppstår usemje, blir den store morsmålsordboka oppmann.

## 10. Verdi for forskning og språknormering

Målet for dei vitskaplege ordboksverka i Norden er å gje tilnærma heildekkjande framstillingar av kvar sine språk som produkt av ei lang utviklingshistorie. Finst det no ei heildekkjande framstilling av ordtilfanget i norsk? I hovudsak må svaret bli ja, men to viktige arbeidsfelt står att. Det eine er det at alfabetbolken a-h i NO ikkje er tilpassa det digitale formatet. Teksten må gjennomarbeidast med dette målet for auga, og i samband med ei slik gjennomarbeiding er det naturleg å revidera innhaldet. Dei eldste

delane av NO vart redigerte for 50-60 år sidan på eit veikare underlagstilfang enn det som no ligg føre. Også i dei nyare delane vil systematikken vera mindre streng enn i den delen av ordboka som er redigert direkte inn i databaseformatet. Det andre store tomrommet er at det ordtilfanget som er særmerkt for bokmål, per dato ikkje er tilgjengeleg i ei vitenskapleg ordbok som fyller dagens krav.

Kva verdi har den vitenskaplege leksikografien for vidare forskning? Vitenskaplege ordboksverk er tilrettelagde framstillingar av språket på mange plan, og har i alle år vore viktige hjelpemiddel i forskinga, som syntesar av føreliggjande informasjon om einskildord og ordgrupper. Skiljet mellom før og no ligg i at ein kan ein dra ut alle kategorikombinasjonar frå ein leksikalsk database, og få ut store materialmengder sortert og ordna på nokre sekund. Det er lett å få tak i bearbeidd inventar av alle slags ordgrupper i norsk. Substantiv med fleire genus? Prefiks på veg over til å bli samansetningsledd (av typen *trans-*)? Er verb på *-na* som hovudregel gamle inkoativ? Synonym for *kvinne*? Ein leksikalsk database leverer raske svar, eller råmateriale for svar, på slike spørsmål. Ein kan vera usamd i svaret, men ein får eit startpunkt.

Det er fleire tiår sidan siste freistnad vart gjort på beskriving av ordlagingsmekanismane i norsk. Bøkene var solide verk for si tid, men dei vart skrivne utan tilgjenge til leksikalske databasar eller korpus. For studiar i fraseologi, semantikk, ordnett og omgrepshierarki er likeins ein leksikalsk database eit godt utgangspunkt.

## 11. Eigenverd for språksamlingane

I ei ideell verd burde den vordande omlegginga til IKT alt på 80-talet ha ført til ein prinsippdiskusjon om tilhøvet mellom ordboksprosjekta og morsmåls-samlingane. Det burde ha vore mogleg å innsjå alt då at språksamlingar, og den kompetansen som er bygt opp i tilknytning til dei, har eigenverd og fleirfunksjonalitet for vedlikehald og oppfølging av standardspråka i dei aktuelle språksamfunna, uavhengig av aktuelle ordboksprosjekt. Fram til om lag 1980 vart deponering av innsamla talemålstilfang praktisert ved Universitetet i Oslo – svært mykje av målføreregistreringa er gjort av hovudfagsstudantar – men innsikta var ikkje formulert som program i dei

aktuelle fagmiljøa. No er det som nemnt kome krav frå Forskingsrådet at alt innsamla tilfang skal takast vare på i minst ti år. Dette er alt for lite. Språksamlingane som ligg til grunn for dei store ordboksverka har ofte meir enn 100 år attom seg, og krev same tidsperspektiv i framtida som andre sentrale arkivkomponentar, som til dømes riksarkiv og statistiske sentralbyrå. Liksom desse institusjonane høyrer språksamlingane til den sentrale infrastrukturen som må vera på plass og i funksjon for at samfunnet skal kunna fungera.

Samstundes må språksamlingane haldast levande, gjennom prosjektutvikling, undervisning og individuell forskning. Målførearkivet ved Universitetet i Oslo – no nedlagt – tilbød arbeidsmiljø og rettleiing for meir enn 100 hovudfagsstudentar. Anten det var fonologi, morfologi, leksikon eller saksorientert språkinnsamling som var studentens perspektiv og ramme, så hadde arbeidsinnsatsen avkastning i gjenbruk. Tilfanget som studentane la til grunn for eige arbeid, vart integrert i språksamlingane og er nytta om att mange gonger, mellom anna i NO. Sunn fornuft tilseier at språksamlingane igjen blir depot for innsamla språkdata, og til gjengjeld tilbyr bistand med å gjera datainnsamling mest mogleg funksjonell, både for feltarbeidaren og for den større forskarverda.

## 12. Avrunding

Morsmåla er under press i mange land i Europa, ikkje minst i dei nordiske landa. Domenetap er ein reell fare, for ikkje å sei ein pågåande prosess, og kanskje særleg ved universiteta. Det er derfor umogleg å sjå bort frå den språkpolitiske funksjonen som dei vitskapelege ordboksverka har berre ved å liggja føre, anten dei tek for seg standarspråk eller målføre. Digitalisering skaper ein kontakt med brukarane som ikkje fanst før, og gjer alle påstandar om irrelevans og manglande legitimitet til skamme.

Framfor alt syner ordboksverka fram morsmål og talemål som reiskapar for tanken. Eit språksamfunn kan ikkje skifta språk utan å seia farvel til si eiga kognitive historie, og det vil folk ikkje. Det er for dumt. Eg er derfor optimist på vegner av den vitskapelege morsmålsleksikografien, i seg sjølv og som grunnlag for privat og kommersiell utvikling av språkprodukt. I framtida vil vonleg sambandet mellom språksamlingar, ordboksverk,

forskning og utdanning bli styrkt, til beste for kunnskaps- og omgrepsutvikling på nordiske språk i den nordiske landa.

## Litteratur

### Ordbøker

- Cawdrey, Roger (1604): *The first English Dictionary*. Reprint 2007. Introduction by John Simpson, Chief Editor Oxford English Dictionary. Oxford: The Bodleian Library.
- DAF (1694-) = *Dictionnaire Academie Francaise*. <[www.academie-francaise.fr/le-dictionnaire/la-9e-edition](http://www.academie-francaise.fr/le-dictionnaire/la-9e-edition)>.
- DWB (1854-1961) = *Deutsches Wörterbuch*. Red. J. Grimm, W. Grimm. Leipzig: Hirzel.
- Elyot, Sir Thomas (1538): *Dictionary* [Latin-English Dictionary]. London: printed by Thomas Berthelet.
- Jenssøn, Christen (1646): *Den Norske Dictionarium eller Glosebog*. Ny utgåve ved Torleiv Hannaas 1915. Kristiania (Oslo): Den norske historiske kildekriftkommission / Grøndahl & Søn.
- Johnson, Samuel (1755): *A Dictionary of the English Language*. London.
- Maaler, Josua (1561): *Die Teütsch spraach: alle wörter, namen, und arten zuo reden in Hochteütscher spraach: dem ABC nach ordenlich gestellt, unnd mit guotem Latein gantz fleissig unnd eigentlich vertolmetscht, dergleychen bishär nie gesähen. durch Josua Maaler*. Tiguri. Preface by Conrad Gesner. Reprint 1971. Hildesheim: Olms.
- NO (1950-2016) = *Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*. I – XII. Hovudredaktørar: A. Hellevik, L. S. Vikør, O. Grønvik, L. Killingbergtrø, D. Worren, H. Gundersen. Oslo: Det norske Samlaget.
- ODS (1918-1956) = *Ordbog over det danske Sprog*. Udgivet af Det Danske Sprog- og Litteraturselskab. København: Gyldendal.
- ODS-S (1992-2005) = *Ordbog over det danske Sprog. Supplement 1-5*. Udgivet af Det Danske Sprog- og Litteraturselskab. København: Gyldendal.

- OED (1884 -1928) = *Oxford English Dictionary*. Chief editors Murray, J. A. H. et al. Oxford: Oxford University Press.
- SAOB (1898- ) = *Svenska Akademiens Ordbok över Svenska Språket* [37 av 39 band]. Utgiven av Svenska Akademien. Glerup.
- VDC (1611-1923) = *Il Vocabolario degli Accademici della Crusca*. Edizione elettronica. <[vocabolario.sns.it/html/\\_s\\_index2.html](http://vocabolario.sns.it/html/_s_index2.html)>.
- WNT (1864-1998) = *Woordenboek der Nederlandsche Taal*. Instituut voor Nederlandse Lexicologie.
- Aasen, Ivar (1873): *Norsk Ordbog med dansk Forklaring*. Fjerde uforandrede Udgave 1918. Vestmannalaget. Kristiania: Cammer-meyers Forlag – Lars Swanstrøm.

#### Annan litteratur

- Arens, Hans (1984): *Aristotle's Theory of Language and its Tradition*. Studies in the History of the Language Sciences 29. Amsterdam/Philadelphia: John Benjamins Publishing Company.
- Arens, Hans (2000): Sprache und Denken bei Aristotles. I: *History of the Language Sciences. An international Handbook on the Evolution of the Study of Language from the Beginnings to the Present*. Vol. I. Berlin – New York: Walter de Gruyter, 367-375.
- Bakken, Kristin (2006): Relevans, legitimitet og resultatkrav – eit komparativt blick på utfordringane for dei store nasjonale ordboksverka i dag. I: Henrik Lorentzen & Lars Trap-Jensen (red.): *Nordiske studier i leksikografi 8. Rapport fra Konference om leksikografi i Norden, Sønderborg 24.-28. maj 2005*. Skrifter udgivet af Nordisk Forening for Leksikografi. Skrift nr. 9, 11-24.
- Brewer, Charlotte (2006): *OED Sources*. I: Lynda Mugglestone (red.): *Lexicography and the OED. Pioneers in the Untrodden Forrest*. Oxford: Oxford University Press, 40-58.
- Bussmann, H., G. Trauth & K. Kazzazi (2006): *The Routledge Dictionary of Language and Linguistics*. London and New York: Routledge.
- Bywater, Ingram (1962): *Artistotle on the Art of Poetry*. With a preface by Gilbert Murray. Oxford: The Clarendon Press.
- Bø, Reidar. (1989): Arbeidet med Norsk Ordbok. I: *Ord og mål. Festskrift til Magne Rommetveit*. Oslo: Kringkastingsringen, 80-94.



- Chabata, Emmanuel (2015): Current lexicographic trends: Achievements and challenges for the indigenous languages of Zimbabwe. I: Jan Ragnar Hagland & Åse Wetås (red.): *Ivar Aasen ute og heime - om moderne språkdokumentasjon etter Ivar Aasen*. Trondheim: Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab, 7-27.
- Fjeld, Ruth Vatvedt (2008): Er norsk et fattig språk? I: *Utdanningsnytt* 20.05.2008. <[utdanningsnytt.no/debatt/2008/mai/er-norsk-et-fattig-sprak/](http://utdanningsnytt.no/debatt/2008/mai/er-norsk-et-fattig-sprak/)>.
- Grønvik, Oddrun (1998): Eit trehundreårsminne: Den første freistnaden på systematisk ordinnsamling i Noreg. I: *Ord om ord* 4. Årsskrift for leksikografi, 22-28.
- Grønvik, Oddrun (2005a): Redigeringsprogrammet for Norsk Ordbok 2014. I: Ruth Vatvedt Fjeld & Dagfinn Worren, (red.): *Nordiske studiar i leksikografi 7. Rapport frå Konferanse om leksikografi i Norden, Volda 20.-24. mai 2003*. Skrifter utgjevne av Nordisk foreining for leksikografi. Skrift nr 8, 156-165.
- Grønvik, Oddrun (2005b): Norsk Ordbok 2014 from manuscript to database - Standard Gains and Growing Pains. I: F. Kiefer, G. Kiss & G. Pajzs (eds.): *Papers in Computational Lexicography - Complex 2005*. Budapest: Linguistics Institute, Hungarian Academy of Science.
- Grønvik, Oddrun (2010): Leksikaliserte ordsamband i norsk. I: Harry Lønnoth & Kristina Nikula (red.): *Nordiska studier i leksikografi 10. Rapport från Konferensen om leksikografi i Norden, Göteborg 3-5 juni 2009*. Skrifter utgjevna av Nordiska föreningen för leksikografi. Skrift nr. 11, 118-129.
- Grønvik, Oddrun & Helge Gundersen (2015): Redigeringshandbok for Norsk Ordbok 2014. <[no2014.uio.no/eNo/tekst/redigeringshandboka/redigeringshandboka.pdf](http://no2014.uio.no/eNo/tekst/redigeringshandboka/redigeringshandboka.pdf)>.
- Grønvik, Oddrun & Christian-Emil Smith Ore (2016): Nyskapinga i elektroniske ordbøker og språksamlingar. I: Helene Urdland Karlsen, Lars S. Vikør & Åse Wetås (red.): *Livet er æve, og evig er ordet. Festskrift til Norsk Ordbok*. Oslo: Det Norske Samlaget, 132-141.
- Hanks, Patrick (2010): Lexicography, Printing Technology, and the Spread of Renaissance Culture. I: Anne Dykstra & Tanneke Schoonheim (eds.): *Proceedings of the 14 International Euralex Congress*. Leeuwarden: Frisian Institute, 988-1006.

- Hellevik, Alf (1956): På skattegraving i vårt eige mål. I: *Syn og Segn*, 337-352. [Også utgjeve som særprent].
- Historisk-filosofisk fakultet, Utvalget for forskings spørsmål (1989): Vurdering av ordbok- og arkivarbeid i forhold til vitenskapelige kvalifikasjoner. 20.2.1989. Uttalelse. I manuskript.
- Karlsen, Helene Urdland, Lars S. Vikør & Åse Wetås (2016): *Livet er æve, og evig er ordet. Festskrift til Norsk Ordbok*. Oslo: Det norske Samlaget.
- Landau, Sidney (2001): *The Art and Craft of lexicography*. 2<sup>nd</sup> ed. Cambridge: Cambridge University Press.
- Mooijaart, Marijke (2013): A history of Dutch lexicography. I: *Trefwoord, tijdschrift voor lexicografie* 1, 1-34. <[www.frysk-akademy.nl/trefwoord](http://www.frysk-akademy.nl/trefwoord)>.
- Mugglestone, Lynda (2006): 'Pioneers in the untrodden forrest': The *New English Dictionary*. I: Lynda Mugglestone (red.): *Lexicography and the OED. Pioneers in the Untrodden Forrest*. Oxford: Oxford University Press, 1-21.
- Murray, K. M. E. (2001; 1. ed. 1977): *Caught in the web of words. James Murray and the Oxford English Dictionary*. New Haven – London: Yale University Press.
- Noregs forskingsråd (2014): *Tilgjengeliggjøring av forskningsdata*. Policy for Norges forskingsråd. Oslo.
- Ore, Christian-Emil Smith & Nina Kristiansen (red.) (1998): *Dokumentasjonsprosjektet. Sluttrapport*. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Ore, Christian-Emil Smith (2000): Metaordboka. I: *Ord om Ord*. Seksjon for leksikografi og målføregransking, 30-32.
- Ore, Christian-Emil Smith (2001): Metaordboken – et rammeverk for Norsk Ordbok? I: Martin Gällerstam, Kristin Johannesson, Bo Ralph & Lena Rogström (red.): *Nordiska Studier i Lexikografi 5, Rapport från Konferens om lexicografi i Norden Göteborg 27.-29. maj 1999*. Skrifter utgivna av Nordiska föreningen för lexicografi 6, 250-270.
- Osselton, Noel (2006): Murray and his European Counterparts. I: Lynda Mugglestone (red.): *Lexicography and the OED. Pioneers in the Untrodden Forrest*. Oxford. Oxford University Press, 59-77.
- Palmer, D. J. (1965): *The rise of English Studies*. London: Oxford University Press.
- Simpson. John (2007): Introduction. I: Cawdrey (1604), 8-31.

- Skolt, Knut & Margit Halbjørhus Wøllo (2013): *Gamle ord og uttrykk frå Hemsedal. Alfabetisk ordliste med lyduttale*. (1. utgåve 1999.) 2. utgåve. Hemsedal: Hemsedal Mållag.
- Steinfeld, Torill (1986): *På skriftens vilkår. Et bidrag til morsmåls-fagets historie*. Oslo: Landslaget for norskundervisning – Cappelen.
- Vikør, Lars (1999): Fleirgenerasjonsordbøker og tida. I: Peter Slotte, Pia Westerberg & Eva Otava (red.): *Nordiska Studier i Lexikografi 4. Rapport frå Konferensen om lexikografi i Norden, Esbo 21.-24. maj 1997*. Skrifter utgivna av Nordiska föreningen för lexikografi 5, 395-406.
- Vikør, Lars (2016): Språkdokumentasjon og språkforskning. To sider av same sak, eller to saker? I: Helene Urdland Karlsen, Lars S. Vikør & Åse Wetås (red.): *Livet er æve, og evig er ordet. Festskrift til Norsk Ordbok*. Oslo: Det Norske Samlaget, 105-131.
- Vikør, Lars & Åse Wetås (2016): Historia om Norsk Ordbok: om folket – av folket – for folket. Historia om ordboksverket fram til i dag. I: Helene Urdland Karlsen, Lars S. Vikør & Åse Wetås (red.): *Livet er æve, og evig er ordet. Festskrift til Norsk Ordbok*. Oslo: Det Norske Samlaget, 15-39.

Oddrun Grønvik  
seniorforskar  
Universitetet i Oslo  
Postboks 1102 Blindern  
NO-0315 Oslo  
Oddrun.gronvik@iln.uio.no